

Lærdal kommune

Dykkar ref.

Vår ref.
23/948-1/KES

Dato
07.11.2023

Lærdal kommune – stoppestadnamn – endringsframlegg

7. januar 2021 hadde Språkrådet eit møte med Vestland fylkeskommune og Kartverket. Temaet på møtet var namn på haldeplassar, og det vart vedteke at vi i Språkrådet over tid og kommunevis skal sjå nærare på dei stoppestadnamna som blir nytta i fylket i dag. Det er signalisert frå ulike hald at det i det eksisterande tilfanget med stoppestadnamn er ein god del feil og manglar som bør rettast opp. På det nemnde møtet vart det vedteke eit mål med denne ordlyden: «*Målet* for arbeidet vil vera å finna fram til og få fastsett stoppestadnamn som er mest mogleg i pakt med den lokale stadnamntradisjonen og med det regelverket som finst i stadnamnlova.» (Sjå den medsende kopien av referatet frå møtet.)

Vi har no teke føre oss tilfanget med stoppestadnamn langs E16 og langs riksvegane i Lærdal kommune. (Dei namneformene som har vore nytta i seinare tid, finst i visingsalternativet «Haldeplassar» på den nettsida som har adressa <https://reise.skyss.no/stops/last-used>.) Namn langsmed hovudvegane er prioriterte i denne omgangen sidan Statens vegvesen no er i gang med å førebu oppsetjing av namneskilt på alle haldeplassane som er knytte til dei veganlegga som staten har ansvar for.

Tilrådde endringar

Vi syner til dei tilrådingane og merknadene som står i det medsende namneskjemaet. I grunngjevingane for det som er tilrådd, er det først og fremst synt til dei offisielle stadnamnformene som er registrerte i SSR (Sentralt stadnamnregister) og til ulike namneopplysningar som finst på nettsida Fylkesatlas.

Eventuelle merknader frå Lærdal kommune

Lærdal kommune bør senda eventuelle merknader direkte til Vestland fylkeskommune (på adressa post@vlfk.no). Merknadene bør sendast før det har gått tre veker etter at dette brevet er komme til kommunen. Alle spørsmål om skrivemåtar og namneval som melder seg i den vidare prosessen, bør fylkeskommunen ta opp med Språkrådet. (Vi syner her til første avsnittet i § 9 i lov om stadnamn. Der står det: «Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal stadnamntenesta gi tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetjing.»)

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Lærdal kommune
Vestland fylkeskommune

Kopi til:

Eva M. Ø. Vinjevoll, Vestland
fylkeskommune

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Steinar Håvik, Statens
vegvesen

Vedlegg:

Vestl fylkeskommune – namn 114236
på stoppar langs E16 og langs
riksv i Lærdal – LISTE

Vestland fylkeskommune – 114237
arbeidet med stoppestadnamn
– REFERAT frå møtet i 2021